

Vassbakk & Stol As
Postboks 63
4291 KOPERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3715 - 22/53606

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
01.07.2022

Tillatelse til utslipp av avløpsvann - Slamavskiller - gbnr 498/37 Mellingen

Administrativt vedtak: **Saknr: 741/22**

Byggestad: Gbnr: 498/37
Tiltakshavar: Vassbakk & Stol As
Ansvarleg søker: Vassbakk & Stol As
Type utslepp: Sanitaert avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for brakkerigg på gbnr 498/37 på følgjande vilkår:

- Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til samfunnshuset skogen sin eksisterande slamavskiljar som omsøkt.**
- Utsleppet frå eideomen vert gitt for 5 pe.**
- Utsleppsløyvet er godkjent i 2 år frå vedtaksdato.**
- Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).**
- Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13**
- Eideomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

- 7. Det må innførast rutinar for kontroll av nivå i slamavskiljar.**
- 8. Før avløpsanlegget takast i bruk må det ligge føre stadfesting frå montør og koordinatar for plassering av anlegget.**

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for brakkerigg på gbnr. 498/17,37,40.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå brakkeriggen skal reinsast i slamavskiljar før svartvatnet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande slamavskiljar tilhøyrande Samfunnshuset Skogen.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.05.22.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som andre typar bygningar og anlegg.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Passering

Anlegget skal plasserast på parkeringsplassen til samfunnshuset Skogen og svartvatn skal sleppast ut via samfunnshusets eksisterande avlaupsløysing.

Reinseløysing

Utsleppet frå brakkeriggen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande slamavskiljar. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Tanken skal tömmast heilt for slam etter behov, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på samfunnshuset Skogen sin eigedom. Svartvatn vert ført vidare i tett leidning til samfunnshuset Skogen sin eksisterande slamavskiljar.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 02.05.2022 mellom tiltakshavar Vassbakk og Stol og styreleiar i samfunnshuset Skogen, Johnny Ystebø, om at tiltakshavar kan pumpe svartvatn frå eigen slamavskiljar til samfunnshuset Skogen sin slamavskiljar.

Tilkopling til eksisterande anlegg

Det er gitt utsleppsløyve for eksisterande utsleppsleidning i vedtak datert 01.04.1977.

KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via eksisterande slamavskiljar til sandfiltergrøft. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at samfunnshuset Skogens slamavskiljar med sandfiltergrøft er i forskriftsmessig stand.

Vassbakk og Stol må innføre rutinar for kontroll av slamavskiljar.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 03.05.2021.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev normalt løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Byggesaksavdelinga i Alver kommune har uttalt at tiltaket kjem inn under SAK10 § 4-2 og er ikkje søknadspliktig.

Nabovarsel

Det er inngått avtale med samfunnshuset Skogen om plassering av brakkerigg og tilknyting til eksisterande avlaupsanlegg. Det er kommunen si vurdering at eit midlertidig anlegg utan etablering av nytt utsleppspunkt kan unntakast frå plikt for nabovarsling.

GENERELL INFORMASJON

Mynde til å gjøre vedtak i saka

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Du kan klage på dette vedtaket

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Anlegget er ditt ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Du må sette i gang innen tre år

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Kommunens tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd.

Forureiningsstyremakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga.

Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyremakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3715

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Samfunnshuset Skogen

Mottakarar:

Vassbakk & Stol As
Vassbakk & Stol As

Postboks 63 4291
Postboks 63 4291

KOPERVIK
KOPERVIK